


HELSING FRÅ KYRKJA



KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 74



NR. 01 SOMMAR 2021

Hovemadonnaen



Gjenskaping - Hovemadonnaen i ny form
Foto: Adnan Icagic, Universitetsmuseet Bergen

God sommar!

Ord til ettertanke

Kona på Stigen

Mange av oss har denne våren vore opptekne av veret, vi har venta på sol og varme. Når vi snakkar om veret, føyer vi ofte til at veret kan vi ikkje gjere noko med, og godt er det! For er det noko vi ikkje rår med, så er det veret (sjølv om vi kanskje er i ferd med å skape klimaendringar som også etterkvart kan endre veret). Kva betyr eigentleg veret for oss? For tidlegare generasjonar handla det om det dei skulle leve av. Fekk dei ikkje avlinga i hus, vart det lite å leve av både for folk og fe når hausten kom. Difor var det mange som bøygde hovudet i bøn før dei sådde ut kornet om våren og mange takka også Gud når avlinga var i hus om hausten. Og ikkje minst falda dei hendene når avlinga slo feil og dei hadde lite å leve av når vinteren kom.



I den gamle kyrkjebøna bad vi kvar søndag om godt og tenleg ver. Mange har undra seg over at denne bøna er teken ut. Men kva er godt og tenleg ver for oss som er mest opptekne av at vi får sol og varme i ferien? Og som kan handle det vi treng i overfylte butikkhyller? Vi skal ikkje ynskje oss tilbake til slitet og strevet som generasjonane før oss opplevde. Men kanskje kunne dei ha noko å lære oss om det å lite på Guds omsorg. Vere avhengig av Guds hjelp i kvardagen. Vi har det så godt at vi ofte gløymer at det til sist er Gud vi har å takke for alle ting.

Det er fortalt om ei kone på høgdegarden Stigen i Aurland. Ho levde i fattige kår med ein stor barneflokk. Til slutt kom det så langt at lensmannen måtte dra opp for å pante den siste kua. Kona sa ikkje imot når lensmannen bar fram ærendet sitt, men ho spurde om ho ikkje først kunne få lese eit salmevers og det fekk ho.

Første verset lydde slik:

**Synes det i kors og pine, som om Gud forglemte sine
Dog er jeg forvissset på, hjelpen visst engang å få.**

Det er fortalt at då ho kom til det fjerde verset, reiste lensmannen seg og sa: «Du skal få behalde kyra di!» Og slik vart det. Kona på Stigen kan lære oss noko om å lite på Guds hjelp og omsorg i kvardagen. Eller sagt på ein annan måte: Leve med ein open himmel over livet vårt! Diktaren Hans Børli sa det slik: «Tro ikke at jeg kommer fra små forhold! Himmelten stod alltid open for meg.» Hans Børli var oppteken av naturen. Av alt det fine som er ikring oss. Men for han var naturen eit vitnemål om Gud som har skapt alt og som har omsorg for sine skapningar.

Å leve under ein open himmel betyr at vi har ein å gå til med alle våre suter. Ein som kjenner oss og har omsorg for sine. Kona på Stigen hadde ein veg å gå, også når det ikkje lenger tyktest å vere nokon utveg. Ho la alt i Guds hand.

I Salme 121 står det:

Eg lyfter auga mine til fjella.

- 1 Kvar kjem mi hjelp ifrå?
- 2 Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.
- 3 Han vil ikkje la foten din vakla,
din vaktar vil ikkje blunda!
- 4 Sjå, han blundar ikkje ogsov ikkje,
Israels vaktar.

God sommar!

Olav Martin

KONFIRMASJONSDAGAR HAUSTEN 2021

Vik kyrkje

laurdag 28. aug. Kl.10.00

Marte Bø

Gjørn Stadheim Engesbak
Magnus Stadheim Engesbak

Espen Larsen Fjellheim

Kaja Hegerland

Andreas Helgesen

Ingrid Vangsnæs

Kl.12.30

Ivar Høyum Hove

Ingeborg Indrehus

Tor Helge Skjerven

Håkon Ruud Solberg

Asbjørn Liljedahl Øen

Lovise Bryn Nummedal

Arnafjord kyrkje

søndag 29.aug. kl.11.00

Susanne Victoria Olufsen

Storli

Vangsnæs kyrkje

laurdag 4.sept. Kl.10.00

Joakim Tistel Grov

Sander Halset

Aleksandra Nadolska Midttun

Kl.12.30

Madelen Fosse Skagen

Daniel August Vangsnæs

Julian Øksdal

Fresvik kyrkje

søndag 5.sept. kl.11.00

Therese Settevik Bakken

Vik kyrkje

laurdag 11.sept. Kl.10.00

Anders Engan

Hans Pedersen Grønningsæter

Robin Holen Årevik

Jon-Kristian Pasqual

Stadheim

Susanne Tenold- Saglien

kl.12.30

Joar Halset

Fabrice Nahayo

Niyomwungere

Ida Tveite

Jon Bjarte Rinde

Synne Ming Fosse

Feios kyrkje

søndag 12.sept. Kl.11.00

Lars Brekke

Kristina Feidje

Emily Burbridge Rinde

Julia Engan Pettersen

Gløymde og gøynde kunstskattar frå Midtre Sogn?

Jan Magne Borlaug Rinde var redaktør for «Rinde kyrkjestad Feios kyrkje 150 år, som kom ut i 2016, og i Pridlao 1/19 hadde han ein artikkel om lokale glasmåleri.

Han er no i ferd med å skriva ein samla artikkel som han har kalla

«Gøynde og gløymde kunstskattar frå Sognefjorden?»

«Helsing frå kyrkja» har fått lov til å laga ein kortversjon bearbeidd for bladet.

Data frå den norske mellomalderen viser at bygda sin kunst primært var knytt til kyrkjekulturen i fleire hundre år. Bibelsk bodskap var formidla gjennom arkitektur, dekor og utsmykking i det nettverket som vart etablert etter innføringa av kristendommen. Mellomalderen har sin skulpturkunst. Nokre århundre seinare gjorde glaskunsten sitt inntog. I Noreg utvikla denne glaskunsten seg frå 1500-talet.

Etter mange år med stor innsats er «Hovemadonnaen» attende – som kopi – i Hove kyrkje under Mariadagane 20.-22. mai 2022. I mellomtida er kopien utstilt i Universitetsmuseet i Bergen. Originalen er teken vare på av Universitetsmuseet i Bergen.

I Fresvik har ein nok og kunna tenkt seg å få attende ein kopi av **«St. Olav frå Fresvik».**

Trefiguren – eller skulpturen – er av eik, og høgda er 155 cm, breidda er 65 cm, og han er 52 cm djup. Dette



kunstverket frå mellomalderen er tidfesta til 1250, og kjem frå Fresvik kyrkjestad. I dokumentasjonen er nemnt garden Skau. Dokumentasjonen omkring trefiguren går attende til 1877. Da var Nordiska museet i Stockholm i etableringsfasen. I fylgje Norsk Folkemuseum byrja innsamling av norske gjenstandar til Nordiska museet av grunnleggjaren Artur Hazelius. Han fekk engasjert ein kar frå Telemark, Torjus Leifsson Jorde, til innsam-

lingsarbeidet i Noreg. Han har fått med seg viktige kunstskattar frå Sogn. Det arbeidet heldt fram til unionsoppløysinga i 1905. Skulpturen er lagra Kulturhistorisk museum i Oslo.



Ein skulptur, «**Madonna med barn**», er og lokalisiert til Fresvik (Virgin with child, C33290). Denne skulpturen er i eik, og har desse måla: høgde 132 cm, breidd 42 cm og djupn 39 cm. Skulpturen vart bringa til Nordiska museet i fem bitar av Torjus Leifsson Jore. Den er katalogført frå Fresvik i Vestland fylke. Den er relatert til mellomalderen utan nærmare antatt årstal. Skulpturen er langtidsutlånt frå Nordiska museet i Stockholm til

Kulturhistorisk museum i Oslo sidan 1971. Der er den no lagra.



Denne nyare kunstskatten er ikkje gøymd og gløymd, men det var freistande å ta han fram att i denne samanhengen.

I 2003 laga 4. – 6. klasse ved Fresvik skule denne modellen. Den har vore på utstilling i Vik, men har no fast plass i våpenhuset i Fresvik kyrkje.

Elevane hadde m.a. funne fram til desse opplysningane:

Kanskje vart kyrkja bygd på 1100-talet, kanskje så tidleg som etter Slaget på Fimreite.

Ho er nemnt skriftleg fyrste gongen i 1317.


I 1660-åra hadde kyrkja fire bygningars. Då vart kyrkja måla innvending slik at alle bygningane blei så like som mogeleg. Det var rosemalming med tre og dyr på veggene, i koret var det blå himmel

med sol, måne og stjerner, og på bjelkane var det bibelord.
Gamlekirkja hadde og 6 glasmåleri.
Dei er no på Universitetsmuseet i Bergen.
Nokre gjenstandar frå gamlekirkja er lagra i kyrkja.

Modellen er ein skatt. Dersom nokon frå soknerådet eller kyrkjelege tilsette er med, kan ein få ein glytt inn i modellen.
Takk til Une, Dag Einar, Sigbjørn, Ratchaphon, Lena, Mari, Miriam, Anette, Alexander, Stine Beate, Michelle og Merete.


Kunstutsmykking i det offentlege rom har vel liten prioritet i samtida, i alle fall i små bygdesamfunn, bortsett frå enkelte framstøyt med å få på plass ein skulptur i dei enkelte bygdelag. Av nyare skulpturar i Midtre Sogn er det vel berre t.d. «Hanen» på Hanahaug (Skule Waksvik), «Gjest Bårdsen» (Stig Eikås) i Sogndalsfjøra og «Gamalostskulpturen (Ludvig Eikås) i Vik som er av nyare dato – og 107 år gamle «Fridtjovstatua» på Vangsnes sjølvsagt. Det er likevel ein del kunstsakta av historisk karakter som er knytt til området i midtre Sogn, men som ikkje har vore allment kjende, og som tydeleg viser mangfoldet i kyrkjekunsten.

Det kjende «**Leikangerkrusifikset**» kjem frå Rinde Stavkyrkje. Krusifikset er ein del av presentasjonen i avdeling for kyrkjekunst i Universitetsmuseet i Bergen. Kopi heng i Leikanger kyrkje etter rehabilitering av kyrkja på 1960-talet. Data viser at krusifikset har sitt opphav i Feios. (Les meir i «Rinde kyrkjestad. Feios kyrkje 150 år» og «Pridlao»)



Utover 1800-talet gjekk eit framsynt fagmiljø både i Bergen og Oslo - mellom andre professor i kunsthistorie, Lorentz Dietrichson, Georg Andreas Bull og Peter Andreas Blix – inn for å ta vare på dette materialet. Dei samla inn og sytte for at ein del av kunstverka i Sogn frå mellomalderen og framover har vorte tatt vare på. På 1800-talet sto nasjonsbygginga sentralt, og dette fagmiljøet såg den historiske verdien som kyrkjekunsten representerer utover bygdene i midtre Sogn.

Glaskunsten frå bygdene i Sogn



«Glasrude. Norge, Sogn og Fjordane (Nordre Bergenhus Amt) Ytre Sogns fgd. Leikangers pr. Fejos. Från Berdal.» Høgd 12,8 cm, breidd 9,6 cm. Målat på både sider»

«I.av Ivar Pedersen Berdal, gm gårdsbr. (til) Torleif Leifsson Jore ank. 22-5-1877»

I arkivmaterialet NM. 0017763 er den svenske teksten: «Segelfartyg med dansk flagg»

Motiv i glas er skildra som fartøy og nasjonalsymbol, og har status: «*Högsta bevarandevärde, omöjligt att äersetta. Kan ej bytas eller avyttras.*»

Da glasmåleriet kom i bruk utover 1500-1600-talet, var dette eit kunstuttrykk som først og fremst breidde seg utover bygda gjennom kyrkjeculturen, men truleg og embetsstanden. Det tyder på at denne kunsten kom til dei i bonestanden som hadde råd til å ta i bruk desse nyvinningane. Glaskunsten utvikla seg i kjølvatnet av at glas vart tilgjengeleg i Noreg. Etter som borgarskapen vaks fram, kom glasmaleria i bruk også utanfor kyrkja. Bergen var ein viktig arena for utviklinga av denne kunstarten. (Lexow 1938). Lexow hevdar at glasmåleriet ovanfor mest truleg har sitt opphav i Fresvik, fordi han ironisk skriv:

«Det er også mest sannsynlig, idet sorenskriver Cappelen selv bodde i Fresvik som var et av de tidlige centrer i Sogn, mens Feios alltid har vært en forholdsvis fattig bygd..»

Glasmåleriet er opphavleg knytt til kyrkjebygg sørover i Europa, før det gjorde sitt inntog i Danmark-Noreg, og vart der nytta særleg i gotiske katedralar, men var kjent av oldtidas egyptarar, fönikarar, grekarar og romrarar. (Dedekam 1908) Kunstmetoden spreidde seg nordover i Europa ved utsmykking av kyrkjebygg. Frå 1400-1500-talet

kom dei og i bruk i verdslege hus og private stover, som nemt over. Nationalmuseet i København viser korleis glasmåleri vart nytta i bondestover og kjøpmannshus, mellom anna Ålborgstuene.

Det viser seg når ein gå inn i tematikken at glasmaleri er viktig dekor over heile Danmark – Noreg. Bergen har ei historie som eit viktig kultursentrum både for kunsthåndverk, religion og handel I dag er glaskunsten framleis knytt til kyrkjebygga, og i Trondheim er det eigen verkstad for dette handverket knytt til Nidarosdomen. Mange av dei kyrkjene som vart rivne på 1800-talet hadde tydeligvis fått sett inn glasmåleri i vindauge. Ein grunn kan sjølv sagt vera at da glaset vart vanleg, ført det til at lyset gjennom vindauge gjorde kyrkjerommet lysare. Tidlegare kom lyset vanlegvis gjennom nokre gluggar. Ein annan grunn var relatert til eit ynskje frå den rike samfunnsklassen om å gje kyrkja gåver, og da kunne glaskunst vera prestisjefullt.

Sett i relativasjon til rivinga av Rinde stavkyrkje, er det ikkje usannsynleg at glasmåleria i Stockholm kom på auksjonen ved riving av kyrkja. Om denne hypotesen skulle vera haldbar, er det i alle fall flott at Ivar Person Berdal (1805 – 1885) fekk hand om desse glasmåleria. Det var nok flaks at oppsamleren Torjus Leifsson Jorde fekk hand om klenodia med opphav Feios. Sjølsagt litt trist at dei framleis er i Stockholm. Men både skulpturar og glasmåleri har truleg vore redda frå destruksjon ved denne innsamlinga i regi av Nordiska museet. I boka til Lexow er presentert mange glasmåleri frå heile Noreg, og eg vil i denne samanhengen presentera eitt glasmåleri til i samlinga, «**Smeden frå Berdal**».



«Smed med Stæd, Hammare ock Tång». Det er kategorisert innanfor handverk og herreklede. I informasjonen for NM 0017763 under kategorien status same status som for «Segelfartyg med dansk flagg».

«Glasrude. Norge, Sogn og Fjordane. (Nordre Bergenhus Amt) Ytre Sognsfgd. Leikanger pr.

Fejos. Från Berdal. Högde 12,7 cm, - Br. 9,8 cm. Målat på båda sidor. Ett hörn av.

«I. av Ivar Pedersen Berdal gm gårdsbr.

Torjus Leifsson Jorde ank. 22-5 1877.» E.B.

Da eg fekk tips frå Vik lokalhistoriske arkiv om «Smeden frå Berdal», tok eg straks kontakt med Universitetsmuseet i Bergen, som viste til

Lexows bok. Det viser seg at boka har informasjon til vår vesle bygd ved Sognefjorden.

Så Nordiska museet i Stockholm har to glasmåleri fra «den fattige bygda Feios».

SN

Kjelder:

JMB Rinde: Rinde kyrkjested 2016

Pridlao 1/2018 og 1/19

Aaraas m.fl.: På kyrkjeferd 2000

Fresvik skule 2003

Rune Lee, Vik lokalhistoriske arkiv

Anker 1981, Bendixen 1909, Brendalsmo m. fl. 2001, Faye 2000, Dedekam 1908, Hammarlund-Larsson 2016,

Horgen 2000, Johannessen 2016, Kjelsrud 2021, Lexow 1938, Maxen 2019, Nicolaysen 1862-66,

Etterlengta vedlikehald på Feios kyrkje



Feios kyrkje var bygd i 1866, og hadde no eit etterlengta vedlikehald som krevde sine fagfolk.

Eit 21m høgt stilas kom opp, og det tok 200 timar å bygge det opp. Sikkerheit er fyrste prioritet for snikkarar og blikkenslager på eit slikt

prosjekt.

Mykje dårleg treverk med roteskadar, sinken på sørssida av spiret var vekke, og attpå til hadde vérhanen fått 6 kulehol i seg.


Kyrkja vart reparert og måla fra topp til tå ved inngangen og opp til kyrkjespiret.

Etter 154 år med mykje vér, vind, kuler og krutt hadde sjølv vérhanen fått nok.

Verhanen hadde fått heile 6 kulehol i seg, og hadde sterkt behov for ein grundig reperasjon.

Leif Eikeland la ned ein fantastisk jobb, heile 20 timar dugnadsarbeid på vérhanen.

Etter smedarbeid, blankpussing og tre lag maling kunne vérhanen monterast til topps igjen, og skal no vere rigga for mange nye år i toppen av Feios kyrkje.



*Monica Feidje Midlang,
soknerådsleiar*

Dugnad Fresvik



Fresvik sokneråd hadde dugnad på kyrkjegarden i kveldinga 12.mai med god deltagning og coronavennlig tiltak og servering. Med 16 frammøtte gjekk arbeidet unna. Fint blei det også på ein nyslatt kyrkjegard.

Takk til Bjørg Bøthun som laga kake og serverte!

Marianne Bøthun, soknerådsleiar

Dugnad Feios

Den årlige dugnaden vart utført 10.Mai i ganske ruskete og vått vær. Fint oppmøte med gode arbeidshender gjorde mykje godt arbeid.

Me har ein flott kyrkjegard.

*M.F. Midlang,
soknerådsleiar*



Ungdomsklubben i Feios er veldig populær



Den er siste onsdag i kvar månad fra kl. 17-19, og er eit tilbud frå 4/5 -10 klasse. Denne klubben blir driven av Feios sokneråd, og er eit godt samarbeid med Sygna vidaregåande skule ved ungdomsleiar Trond Kråvik og elevar som kjem over fjorden og er med oss desse kveldane.

Kjempefrott og kjempepopulært!! Dei har leikar/ aktiviteter og får servert eit godt måltid av matmor Britt Inger Rinde Eikeland. Ungdomsklubben vart starta opp i januar 1980 og har vore i drift sidan, hadde **40 års jubileum i 2020**, men pga Corona har me ikkje fått

markert dette ordentlig, me håpar på å ta oss ein “fest” ved oppstarten i august/ september. Det blir i lag med Fresvik ungdomsklubb som me har hatt felles avslutningar med. Det er eit flott og godt tilbud til ungane våre i bygda og er full oppslutning på kvar klubbkveld. Dette er me sjølsagt krye av, og stor takk til Sygna vidaregåande som kjem til oss, og Britt Inger som organiserer klubben for oss i lag med Sygna og lagar ei flott og god matsund for heile gjengen!!!

*Monica Feidje Midlang,
sokenerådsleiar*



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sauven. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann sauven, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Gjenskaping – Hovemadonnaen i ny form Å forma ein mellomalderfigur på nytt

Foto:
Adnan
Icagic



Hovemadonnaen – Maria med barnet frå Hove kyrkje, Vik i Sogn – er mellom den fremste kyrkjekunsten me har bevart frå 1200-talets Noreg. Med utgangspunkt i den originale Hovemadonnaen, no ved

Universitetsmuseet i Bergen, er det gjennom dei siste fire åra skapt ein ny versjon av Maria med barnet frå Hove. Gjenskapinga kopierer ikkje berre originalen slik han no står prega av å vera 750 år. Den nye Hovemadonnaen har også fått nyskapte delar der den originale har sår, manglar og falma fargar. Den nye madonnafiguren er vår tids kunnskapsbaserte freistnad på å gjenskapa originalen slik han kan ha stått som ny i Hove kyrkje.

Utstillinga presenterer gjenskapingsprosessen, frå initiativ og pengeinnsamling i Vik, via forsking, skanning, treskjering og fargesetting, til ferdigstilling av ny figur. Våren 2022 kjem den gjenskapte Maria med barnet-figuren på plass i Hove kyrkje. I Vik skal heimkomsten då feirast med Mariafest tre dagar til endes, 20.–22. mai 2022.

Sjølve arrangementet ved Universitetsmuseet vert dverre lukka på grunn av koronasituasjonen. Men utstillinga vil bli streama og tilgjengeleg her:
https://www.facebook.com/events/1102839906894670?context=%7B%22event_action_hi...

Utstillinga er laga i samarbeid mellom Universitetsmuseet i Bergen og Hovemadonnakomiteen, Vik i Sogn/Fortidsminneforeninga.

Alf Tore Hommedal



Meldingar:



Vi gratulerer

Karen Helene og Rasmus med dotter Lilly Margrethe som er fødd 1.mai!

Nytt frå Vik kyrkjelege fellesråd

Vik Kyrkje er no er snart ferdigmåla og ein del taklekkasje skal og takast no. Håpar alt blir ferdig til ferien.

Angåande Vangsnes kyrkje blir restureringsarbeid/måling oppattstarta i løpet av summaren.

Dagleg leiar/ Kyrkjeverje

–stillinga i Vik

Ingvar Vangsnes har sagt opp stillinga si med slutt dato 1.mai 2021.

Vik kyrkjelege fellesråd vedtok i møte 23.mars å lyse ut stillinga i 50 % med søknadsfrist 21.mai. Det var 4 søkerar og i skrivande stund er det ikkje tilsett kyrkjeverje.

Fellesrådet skal ha møte den 22.06. I. Vangsnes held fram i 50 % inntil vidare.

Vik kyrkjekontor har tidlegare vore ope måndag – fredag kl.10 – 15.

I sommar kan det også på grunn av ferieavvikling vere dagar då kontoret er stengt.
Sjå elles info heimesida www.vik.kyrkja.no.

Minnemarkering 22.juli

I høvet at det er 10 år sidan terrorhendingane på Utøya og i regjeringskvartalet i Oslo sentrum, ønskjer vi på denne måten å markere dagen, seier Kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum.

– Kyrkja vil stå saman med folk over heile landet, og viser det mellom anna ved å la kyrkjeklokken ringe for alle som vil vise folk i alle lokalsamfunn at kyrkja i denne tida går i forbønn for dei som er berørt av 22. juli, seier Raaum.

Kyrkjerådet oppfordrar også alle kyrkjelydar til å halde kyrkjene opne 22. juli.

I Vik vil det bli klokkinging kl.12.00 – 12.05 i Vik kyrkje.

Kva vi kan få til i dei andre kyrkjene veit vi ikkje i skrivande stund.

NY NETTSIDE

Det har kome ei ny nettside som heiter www.skjerikirken.no. Der kan ein finne gudstenester, aktivitetar og arr. i heile landet. I Vik har vi ikkje fått rutine på å legge inn opplysningar, så vi anbefaler dykk også å bruke nettsida vår for Vik: www.vik.kyrkja.no. Nedst på sida finn du vår kalender.



KIRKENS NØDHJELP

FASTEAKSJONEN

vart også i år gjennomført digitalt.

Vi har i skrivande stund registrert fylgjande resultat:

Vik kr. 22.378.-

(inkl. vipps kanskje frå andre sokn)

Arnafjord kr. 750.-

Vangsnæs kr. 1.700.-

Feios kr. 3.550.-

Fresvik kr. 3.100.-

Sum: kr. 31.478.-

kr. 11,41 pr. innbyggjar

Dei innsamla pengane gir **126 menneske tilgang til reint vatn.**

Simen Heggelund Knutsen

Ferievikar i Vik

denne sommaren er teologistudent Simen Heggelund Knutsen.

Han er 26 år og kjem frå Tvedestrand på Sørlandet. Han fortel at han trivst godt ute i naturen og likar å drive med det meste,

frå jakt og fiske til sopp-plukking. Simen er ferdig med det 4. året av teologistudiet. Han skal bu i Sognadal medan han er vikar, men kjem i hovudsak til å gjere teneste i Vik. Første gudstenesta vert i Arnafjord kyrkje søndag 27. juni kl. 11.00. Velkommen til kyrkje!



3 ÅRS FASE Trusopplæringa i Vik

I byrjinga av juni vart 3åringane i Feios invitert til «Krølle-samling» i Feios kyrkje saman med Tove og underteikna.

Vi song saman og borna fekk oppleve fortellinga om «Den bortkomne sau» dramatisert.



Til slutt vart det lille lammet «Krøllet» og boka «Lille sau går seg vill» utdelt.

Takk til borna og dei voksne som fylgte for ei hyggjeleg stund! Dei andre 3-åringane i Vik kan vente seg å få boka enten i gudsteneste eller eiga samling i løpet av sommar/ haust.

HELSING FRÅ KYRKJA – REKNESKAPSOVERSIKT 2020

RESULTAT

UTGIFTER

Trykking IHP	16.464,00	Bladpengar	80,816,00
KPK abb. 2020	1.900,00	Renteinntekter	<u>586,52</u>
Heimesidehjelp	5.000,00		
Tilbakebetaling til abb.	2.200,00		
Sum utgifter	25.564,00	Sum inntekter	81,402,,52
Overskot	<u>55,838,52</u>		
Sum	<u>81.402,52</u>	Sum	<u>81.402,52</u>

BALANSE

AKTIVA

Bankkonto, brukskonto	137.467,97	Eigenkapital 01012020	195,160,68
Bankkonto,topprente	<u>113.531,23</u>		
Sum bankinnskot	250.999,20		
		Overskot	<u>55,838,52</u>
		Eigenkapital 31122020	250.999,20
Sum	<u>250.999,20</u>	Sum	<u>250.999,20</u>

16

Vik i Sogn, 31122020

06022021


Sylvi Nummedal
kasserar


Olav Håkon Refsdal
revisor

Døypte:

VIK:

12.12.20. Ludvik Helleland
Matias Voll Widskjold
20.02.21. Jeppe Grønningsæter
20.03.21. Vilde Utne-Tveit
21.03.21. Benjamin Berdal Fossberg

FRESVIK:

14.03.21. Erling Daltveit-Bøtun

Døde:

VIK:

28.11.20. Randi Skeie f. 1967
30.11.20. Olina Holen f. 1925
07.12.20. Jan Erik Brekke f. 1938
22.12.20. Per Helleland f. 1943
06.01.21. Brita Aase f. 1934
14.01.21. Frode Henning Nesse f. 1949
24.01.21. Inga Lovisa
Nummedal f. 1936
31.01.21. Jenny Fosse f. 1930
21.02.21. Erlend Tenol-Tuxen
Ulvund f. 1975
28.02.21. Anna Fosse Fjærstad f. 1924
17.03.21. Styrk Hove f. 1927
23.03.21. Astrid Marie
Schrøder f. 1929
02.04.21. Kari Sofie Husabø f. 1967
07.05.21. Inga Marie Vold f. 1921
26.05.21. Sunniva Voll f. 1922
09.06.21. Sjur Gullteig f. 1922

VANGSNES:

08.01.21. Solveig Johanna
Fjærstad f. 1939
26.05.21. Bjarne Sylvarnes f. 1923

FRESVIK:

30.01.21. Brita Bøtun f. 1923.

ARNAFJORD:

18.03.21. Geir Sørevik f. 1950
31.03.21. Morgan Jostein Bjarne
Walsvik f. 1942

FEIOS:

13.05.21. Olav Berdal f. 1930

FRESVIK:

08.06.21 Marta Stokkenes f. 1935

Beklager feil i førre nr. av bladet.

Eg skreiv feil slektsnamn på:

Liv Målfrid Asheim f. 1933
d. 07.09.20

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Ingvar Vangsnes

epost: ingvar.vangsnes@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 901 11 530

KONTORTID

mandag-torsdag

kl. 10.00 – 15.00

Sokneprest i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Karen Helene Bøhn Melhus

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

mobil 468 89 980

Prostiprest Feios og Fresvik

Rasmus Bolstad Rustad

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

mobil 977 38 134

Kyrkjelydspedagog - vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

mobil 908 09 113

Kyrkjelydssekretær

Kirsti Jelle Hopperstad

epost: kirsti.jelle.hopperstad@vik.kommune.no

mobil 911 01 653

Hovudkyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

mobil 957 30 615

Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

mobil 941 71 504

Kyrkjetenar i Arnafjord

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

mobil 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

mobil 918 70 581

Organist

Dora David

e-post: dora.david@vik.kommune.no

mobil 975 23 903

Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt

ANDRE TELEFONAR

Vik:	Reidunn Bolstad,	905 33 581
Arnafjord:	Ola Engum,	975 34 827
Vangsnes:	Erlend Hanekam,	416 34 981
Feios:	Monica Feidje Midlang,	951 72 583
Fresvik:	Marianne Bøthun,	938 46 851

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Leif Eikeland

tlf. 908 68 520

Utleige Kyrkjesta:

Olav Martin Hove

Kirsti Jelle Hopperstad

tlf. 901 12 448

tlf. 911 01 653

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMEN TIL KYRKJE

11.juli, 7.s.i treeining

Luk 19.1-10

kl.11.00

Fresvik kyrkje

Gudsteneste v/ stud.vikar Simen
Heggelund Knutsen. Dåp Takkoffer

18.juli, 8.s.i treeining

Mark.12 ,37 b-44

kl.11.00

Vik kyrkje

Gudsteneste v/ stud.vikar Simen
Heggelund Knutsen. Nattverd
Takkoffer: Universell utforming i Vik
kyrkje

25.juli, 9.s.treeiniing

Joh 8, 2-11

kl.11.00.

Vangsnes kyrkje

Gudsteneste v/ stud.vikar Simen
Heggelund Knutsen. Nattverd
Takkoffer

1.aug., 10. s. i treeining

Matt 18,21-35

kl. ?

Vik kyrkje

Gudsteneste v/?
Takkoffer: Kirkens SOS

8.aug., 11.s. i treeining

Mark 2,23-28

kl.11.00

Feios kyrkje/ Utegudsteneste ?

Gudsteneste v/Bjørn Sølsnes

15.aug., 12. s. i treeining

Luk 8,1-3

kl.?

Vik kyrkje

Gudsteneste v/?
Takkoffer: IKO

22.aug., 13.s.i treeining

Luk 12,41-48

kl.11.00

Fresvik/Sveastemne

Gudsteneste v/Ole Agnar Helland

Laurdag 28.aug.

kl.10.00

Vik kyrkje

Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad
Takkoffer

kl.12.30

Vik kyrkje

Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad
Takkoffer

29.aug., Vingårdss.

Luk 17, 7-10

kl.11.00

Arnafjord kyrkje

Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad
Takkoffer

UTGJEVAR : Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK : Ingvald Husabø Prenteverk a.s, 6863 Leikanger
BLADSTYRAR : Kirsti Jelle Hopperstad
KASSERAR : Sylvi Nummedal
BLADPENGAR : Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-
BANKGIRONR : 38003011558



VELKOMEN TIL KYRKJE

Laurdag 4.sept.	kl. 10.00	Vangsnes kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
	kl. 12.30	Vangsnes kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
5.sept., 15.s.i treeining Luk 10,38-42	kl. 11.00	Fresvik kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
Laurdag 11.sept.	kl. 10.00	Vik kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
	kl. 12.30	Vik kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer
12.sept.16 s. i treeining Matt 5,10-12	kl. 11.00	Feios kyrkje Konfirmasjon v/ Rasmus B. Rustad Takkoffer

Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.

Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

KYRKJESKYSS:

- Vik:** Ring Vik kyrkjekontor 911 01 653 (innan fredag før gudstenesta)
- Vangsnes:** Ring leiar Erlend Hanekam 416 34 981
- Feios:** Ring leiar Monica Feidje Midlang 951 72 583
- Fresvik:** Ring Marianne Bøthun 938 46 851
- Arnafjord:** Ring leiar Ola Engum 975 34 827